

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt alternativt forslag:

«Prioritering nr.3

SENTRALBADET LITTERATURHUS blir flytta opp til prioritering 3 saman med LINDEHUSET i Ullensvang kommune. Søknadssum kr. 600.000 til Sentralbadet Litteraturhus blir prioritert opp ved at sum Lindehuset blir redusert tilsvarande (frå 10.700.000 til kr. 10.100.000).»

Knut Inge Andersen, FNB, sette fram slikt alternativt forslag:

«prioritering endring

Kulturnaustet Hardanger og Holvikjekta byter plass (1-2)»

Gunn Åmdal Mongstad, SP, sette på vegner av SP, A, V, SV, MDG og R fram slikt tilleggsforslag:

«nytt punkt 2

Utvalet oppmodar Sentralbadet litteraturhus og Kraftmuseet om å gå i dialog om mogle felle løysingar for begge prosjekta.»

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt forslag:

«Prioritering nr.3

SENTRALBADET LITTERATURHUS blir flytta opp til prioritering 3 saman med LINDEHUSET i Ullensvang kommune. Søknadssum kr. 600.000 til Sentralbadet Litteraturhus blir prioritert opp ved at sum Lindehuset blir redusert tilsvarande (frå 10.700.000 til kr. 10.100.000).

Vert trekt.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk tre røyster (FNB, SV og UA) og fall.

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Mongstad sitt forslag sitt tilleggsforslag til nytt punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek følgjande prioritering blant søknadene om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, knytt mot budsjett for Vestland fylkeskommune 2022:

1:

Søklar	Kommune	Prosjektnamn	Søknadssum	Prioritering
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Kvam	Kulturnaustet	9 300 000	1
STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE	Gloppen	Holvikejekta verne- og formidlingsbygg	10 000 000	2
KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRI	Ullensvang	Lindehuset	10 700 000	3
SUNNHORDLAND MUSEUM	Stord	"Nye Sunnhordlandstunet"	14 585 659	4
STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbygg	10 000 000	5
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	10 000 000	6

M12 GRUPPEN	Øygarden	Kulturterminalen	1 600 000	7
FJALER KOMMUNE	Fjaler	Samvirket	5 000 000	8
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	750 000	9
FORTIDSMINNEFORENINGEN	Luster	Urnes verdensarvsenter	10 000 000	Ikkje prioritert
KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	Bergen	Formidlingsverksted på KODE 1	300 000	Ikkje prioritert
KVAM KOMMUNE	Kvam	Kulturhus i Kvam	10 000 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN BERGEN KJØTT	Bergen	Bergen Kjøtt	270 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	600 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN KULTURHUSET USF	Bergen	USF Verftet / Kulturkvartalet Verftet	500 000	Ikkje godkjent
GRIEGKVARTALET	Bergen	Prosjekt Griegkvartalet	1 000 000	Ikkje godkjent

2. Utvalet oppmodar Sentralbadet litteraturhus og Kraftmuseet om å gå i dialog om mogle felles løysingar for begge prosjekta.»